



AUSTRHEIM KOMMUNE

# PLANSKILDING Kommuneplan 2016 - 2027



AUSTRHEIM KOMMUNE  
PLANSKILDRING KOMMUNEPLAN 2016 -2027

## INNHOLD:

Innleiing	3
Planprosess	6
Viktige tema	7
Arealvurderingar	9
Planomtale	14



# Innleiing

## Bakgrunn og føremål

Kommuneplanen sin arealdel er den overordna planen for arealbruken i Austrheim kommune.

Planen vart sist vedteken i 2006 og det ble i planstrategien for 2011-15 anbefalt å rullera gjeldande plan.

Kommunestyret vedtok 27.02.2013 å setje i gong planarbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Kommuneplanen dekkjer heile kommunen med unntak av dei områda der reguleringsplanar framleis skal gjelde.

I samsvar med vedteke planprogram er kommunedelplanane for Fensfjorden ( PlanID 12642011004) og

Leirvåg, Litlås, Kaland, Fonnes (12642008003) no inkludert i kommuneplanen sin arealdel i størst mogeleg grad.

Strandsoneforvaltning er lagt inn i arealplankartet.


Det er gjennomført grundig handsaming av alle arealinnspel, med eigen konsekvensutgreiing og enkel risiko og sårberheitsanalyse for kvar av desse over hundre innspel.

Det er utført kartlegging av funksjonell strandsone.

Resultata frå dette underliggende arbeid har vore styrande for arealbruken i dei områda som ikkje var dekka av dei tidlegare overordna planane nemnt ovanfor.

## Planavgrensing


Planavgrensinga følgjer kommunen si administrative grense mot kommunane Radøy, Fedje, Gulen, Masfjorden og Lindås.





## AUSTRHEIM KOMMUNE PLANSKILDRING KOMMUNEPLAN 2016 -2027

Tilhøve til planar, rammer og retningslinjer



### Nasjonale forventninger:

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging vart vedteke ved kongeleg resolusjon 12. Juni 2015 av det Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Saman med forventningsdokumentet frå 2011 har dette vera ei rettesnor for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Forventningsdokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging. Første del av dokumentet handlar om gode og effektive planprosessar. Andre del handlar om planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling generelt. Tredje del handlar om planlegging for attraktive og klimavennlege by- og tettstadområde spesielt.

### Nasjonale føringar:

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging, vedteke 24. Juni 2011  
Rundskriv T-2/08 Rikspolitisk retningslinje for å styrke barn og unges interesser i planlegginga  
Retningslinje T-1442 Støy i arealplanlegging  
Rundskriv T-5/97 om arealplanlegging og utbygging i fareområder  
Rundskriv T-4/96 lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystsonen  
Rundskriv T-5/93 Rikspolitisk retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging  
Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen  
(Fastsatt ved kgl.res. av 25. mars 2011, jfr. pbl § 6-2)

### Regionale planer og retningslinjer

Strandsonerettleiar - Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland (2007) (pdf)  
Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland (pdf)  
Landskapskartlegging av Hordaland fylke (2009)  
Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008 (forlenga inntil den blir avløyst av nye regionale planar)  
Forvaltingsplan for vassregion Hordaland 2010-15 (ny plan under arbeid)  
Regional plan for museum 2011-2015  
Fylkesdelplan for kystsona 2001-2004 (pdf)  
Regional kulturplan -  
Omfattar museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.  
Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel  
Regional transportplan 2013-2024  
Regional næringsplan 2013-2017  
Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - Fleire gode leveår for alle  
Regional klimaplan 2014-2030  
Regional planstrategi


## Kommunale planar

- Kommuneplanen sin arealdel 2006
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015-27
- Kommunedelplan Fonnes - Litlås
- Kommune ROS
- Landbruksplan
- Energi og klimaplan , Enøkplan
- Kommunedelplan Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Kommunedelplan VA
- Reguleringsplanar - Planregister. BraPlan
- Trafikksikringsplan
- Barne- og ungdomsplan
- Kriseberedskapsplan
- Helseberedskapsplan
- Sorg -krise og katastrofeplan
- Smittevernplan
- Plan for pandemisk influensa
- Ruspolitisk handlingsplan
- Pleie og Omsorgsplan
- Bustadsosial handlingsplan
- Kulturplan
- Bibliotekplan Nordhordland
- Kulturminneplan
- Kulturskuleplan
- Den kulturelle skulesekken
- Interkommunal plan Fensfjorden
- Geodatoplan for Nordhordland og Gulen
- AHL "Austrheim heile livet"
- Vilt i Austrheim Naturtypar i Austrheim "rapport"
- Strategisk næringsplan



## Temakart og informasjonskjelder

- Kart i vest - Hordaland fylkeskommune si kartløsing
- Dekkjer heile fylket og inneholder grunnkart og basisdata, samt ei mengd ulike temakart.
- Eksterne kartløsingar er også tilgjengeleg under mappa "Eksterne karttenester".
- Ureining, Friluftsliv, Jakt, fiske- og viltforvaltning, Klima, Kulturminne og kulturmiljø, Miljøvern i landbruk, Motorferdsel, Naturmangfall, Planlegging, Vannforvaltning.
- WMS- kjelder er nyttar for fleire av desse tema i samband med arealplankartet og funksjonell strandsonekartlegging.





## AUSTRHEIM KOMMUNE PLANSKILDRING KOMMUNEPLAN 2016 -2027

# Planprosess

### Styring og arbeid med planen, medverknad

Kommunestyret er styrande for planarbeidet. Arealplanutvalet har fungert som kontaktforsa i planlegginga. Det har vore arbeidsmøte med kommunestyret.

### Planprogram med høyring

Melding om oppstart av planarbeid og offentleg høyring av planprogram vart gjort samstundes i perioden 27/2-13 til 2/5-2013. Planprogrammet vart endeleg vedteke 22/5-2013.



### Invitasjon til innspel

Det vart invitert til å komma med innspel til kommuneplanen sin arealdel samstundes som arbeidet med ny samfunnsdel pågjekk. Samfunnssdelen var ute på offentleg høyring i perioden 1/7-14 til 12/9-14. Samfunnssdelen vart endeleg vedteke 4/2-2015.

Det kom inn over hundre innspel til arealdelen.

### Handsaming av alle innspel

Det vart etablert eit system for alle innkomne innspel med hjelp av Nordhordlandskart.

Alle innspela vart lagt inn i kart og sett i system. På denne måten vart alle innspel tilgjengeleg for alle via internett. Systemet gjev og enkel kopling mellom kart og dokument.

KU - AREALINNSPEL/TILTAK NR: 1						
Utklassering	Lokalplan	Gjennoms.	Øste/Rør	140074	Areal	147,0a
Festning av Frittsøya/Vylemoøya						
Forstyring av Frittsøya/Vylemoøya						
Oppmålsdokument:						
Oppmålsdokument:	Det finnset ein betydelegare oppmålsdokument for denne området. Det er vurdering av populasjonsutvikling og utvikling av landbruksareal. Oppmålsdokumentet er Nærings- & verna dem som er samt.					
Kommune:						
Vareldskart						
Tiltak:						
Frem:	Prakt.	Fremtid:	Konsekvens:	Uf. v.	Midlertid.	
Høg	Middels	Middels	0	Området er allereie delvis mynta til arealbruksrett frem til. Et avgrensande villaregime er ikke noko som skal innførast men også høysporing moet skal. Det må setjast kren om plassering av nødbrug og driftslagplasser.		
Middels	Liten	Uten	1	Området er allereie delvis mynta til arealbruksrett frem til. Et avgrensande villaregime er ikke noko som skal innførast. Men det må tekast omhyg- ligst at man ikke kan få tilgang til området.		
Middels	Middels	Middels	0	Vareldskartene registrerer to raudlinittar i nærområdet av Lundebygda og Vylemo.		
Liten	Uten	Uten	1	Området er definert som open farmark i AARS. Området er ikke registert i vareldskartet. Uten regi- strering for landbruksproduksjon.		
Liten	Liten	Liten	Uten	Uten innverknad for folkehelse.	0	
Middels	Middels	-1	Flere borg og menneske giv større offensivressurser for beredskap.			

### Konsekvensutgreiing (KU) av alle innspel

Alle arealinnspele har fått sin eigen KU. Desse utgreiingane er nyttta som grunnlag for arealbruken i den nye arealdelen. Alle KU dokument er knytt saman med innspelflatane i Nordhordlandskart. På den måten er alle utgreiingane tilgjengeleg for alle via Internett.

### Bruk av internett og digital planlegging

Den nye arealdelen er produsert i samsvar med "Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister". Nytt arealplankart er fulldigitalt etter SOSI datamodell, og er produsert av kommunen sjølv. I arbeidet med plankartet er det nyttta mange kartdatakilder (WMS, FKBdata, temadata). På denne digitale måten er ulike viktige data teke omsyn til i planlegginga.



### Barnetråkk

Fra prosjektet med kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv har ein brukt karta som vart produserte der. Omsynet til barn og unge er med her.

### Planforum

Det er halde samling i lokalt planforum og planarbeidet er presentert i planforum hjå Hordaland Fylkeskommune.

### Folkemøte

Desse vert halde i samband med offentleg høyring for arealdelen.

### Framdrift

Planarbeidet starta med utarbeiding av ny samfunnsdel. Parallelt med det vart det kjørt delprosjekt med innspel og konsekvensutgreiing av dei. Vidare er det utført analyse av funksjonell strandsone. Siste del av prosjektet har gått til utarbeiding av arealplankart og tilhøyrande dokument.

# Viktige tema

LNF , LNFspreidd, eksisterande

Det dominerande arealtema i planen. Dekkjer store delar av kommunen. Det er forsøkt å finna ei god fordeling mellom områda for landbruk og dei der det skal opnast for spreidd utbygging.

Forvaltning av strandsona, analyse av funksjonell strandsone

I arbeidet med kartlegging og analyse av funksjonell strandsone  
er det mellom anna nytta kartdata frå SSB.

Busetnad og kvalitet for detaljplanar

Alle reguleringsplanar som fortsatt skal gjelde er teikna inn i plankartet.

Dei ligg inne som omsynszone med kvit bakgrunn. Påskrift er gjeldande PlanID.

Folketalsutvikling

Folketalet i Austrheim kommune har hatt ei positiv utvikling sidan 2006.

I perioden 1998-2006 låg folketalet relativt stabilt rundt 2.500-2.550 innbyggjarar, medan folketalet ved inngangen til andre kvartal 2013 var på heile 2.804 personar.

Dette er ein auke i innbyggartal på 270 personar, eller 11 prosent i perioden 1998-2013.



SSB	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2031
Framskrive innbyggartal	2,833	2,844	2,877	2,915	2,944	2,985	3,020	3,227	3,436	3,485


Delen eldre over 67 veks, og mykje av folkeauken kjem med tilflytting og innvandring.

Innvandringa var i 2013 på 337 personar. Prognose for fødselsoverskot ligg på omlag 10 personar per år.

Næringsutvikling

Næringsstrukturen i kommunen er dominert av industri og anna verksemd knytt til aktiviteten på Mongstad – og industrien er den næringssektoren som i tal har flest sysselsette i perioden 2008-2012. Helse og sosialsektoren er også dominante.

Under viser fordelinga på ulike næringar i år 2012:





## AUSTRHEIM KOMMUNE PLANSKILDNING KOMMUNEPLAN 2016 -2027

### Offentlege areal

Dei offentlege areaala er for det meste konsentrert i områda der det er offentlege bygg og anlegg. Dette gjeld til dømes skulane på Årås og Kaland, kommunehuset, idrettsparken, kommunesentrums med fleire. Det er aktuelt å vurdere utviding av areaala for framtidig utviding og vidareutvikling.

### Landskap

Austrheim vil fremje opne landskap. Det typiske kystlandskapet med lyngheier er internasjonalt kjend og skal vernast om.

### Byggeskikk

Retningsliner for bygging skal videreførast. Eit døme er retningsline for bygging av naust. Det vil og verte knytt føresegner til byggeområda i arealplanen.

### Klima

Kommunen har utarbeidd energi og klimaplan. Omsynet til ei berekraftig utvikling gjer at dei langsiktige miljøomsyna i planarbeidet skal vegast tyngre enn dei meir kortsiktige økonomiske omsyna. Kommunen må legge til rette for reduksjon av energibruk og klimagassutslepp gjennom energieffektivisering, utbygging av fornybar energi og tilpassing til klimaendringar basert på risiko- og sårbarheitsanalyser.

### Støy

Omsynsoner for støysoner langs hovudvegane skal inn i planen.

### Born og unge

Her vert det gjenbruk av data frå arbeidet med plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Barnetråkkregistreringane frå det arbeidet vert videreført her.

### Helse og universell utforming

Det er fokus på nære grøne sonar, og tilgangen til desse ynskjer ein skal vera universelt utforma. Arealbruken må ikkje hindre ei slik utvikling.

### Sentrumsområde

Bustadsosial handlingsplan viser at det er trond og interesse for sentrumsnære bustader.

Det er difor viktig at sentrumsområda vert sikra nok areal til ei slik utvikling. Austrheim kommune har to tettstader, Austrheim kommunesenter og lokalsenter Fonnes-Kaland.



# Arealvurderingar

## Overordna arealstrategiar

- Utnytting av eksisterande regulert bustadareal.

Det er estimert at veksten i folketal vil gje eit behov for 250-300 bueiningar i planperioden. Samla regulert eksisterande bustadareal i område som Åråsvågen og Ekornsåta/Fonnes er estimert til å kunne dekke store delar av dette. Difor er det eit mål å vidareføra denne arealbruken slik den er , utan å opne for særleg mange nye område.

- Fortetting

Områda med LNF type spreidd utbygging treng ny avgrensing. I desse områda skal det også knytast føresegner som gjev minking i tal dispensasjoner for mindre byggetiltak på frådelte bustadeigedomar. I desse områda skal det opnast for fortetting.

- Disponering av LNF områda

Opne landskap er eit hovudmål for Austrheim. Dette skal ein få til gjennom å ivareta samanhengande landbruksområde og unngå oppstykking av desse. Sikra gode innmark og utmarksområde for eit aktivt landbruk er beste metode for å bevare det opne kystlandskapet.

- Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Det skal sikrast areal for realisering av måla i plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dette gjeld for anleggsområde og friområde.

- Verna område og biologiske mangfold

Viktige kulturminne skal vernast gjennom bandlegging av areal, anten gjennom arealtyper eller omsynsone.

- Attraktive næringsareal.

Det skal leggast tilrette for areal til ny næring på attraktive stader. Areal for vidareutvikling av næring omkring Mongstad er viktig. Det skal opnast for spreidd næringsutbygging i enkelte område. Dette til næringar som reiseliv, fiskeri.

- Kollektivtilbod

Det skal settast av naudsynt areal for infrastruktur knytt til kollektivtrafikk på land og sjø

- Gang og sykkelvegnett

Det skal planleggast for eit samanhengande gang og sykkelvegnett gjennom kommunen.

- Funksjonell strandsone

Det skal gjennomførast ei kartlegging av strandsona med mål om å definera ei funksjonell strandsone. Analysen skal danne grunnlag for etablering av byggjegrense mot sjø.

## Arealstrategiar for område landbruk, natur og friluftsliv

Kjerneområda for landbruk skal bevarast

Verdfulle kulturlandskap skal sikrast og vernast mot utbygging

Særleg viktige landskap og naturmiljø skal sikrast





## AUSTRHEIM KOMMUNE PLANSKILDRING KOMMUNEPLAN 2016 -2027

### Arealstrategiar for bustadbygging

Utbygging skal plasserast i område som gjev best mogeleg utnytting av kollektivtransport og som gjer det mogeleg å bruka gang og sykkelvegar i samband med lokale tenester og aktivitetar.

Utbygging skal i hovudsak skje i og i nærlieken av Austrheim kommunesenter og lokalsenteret på Fonnes-Kaland.

Det skal sikrast areal for alle typar bustadbygging og opnast for tettare utnytting i sentra.

I område der eksisterande reguleringsplanar framleis skal gjelde, må det takast omsyn til folkehelse, trafikktryggleik og universell utforming. Planendring må vurderast om naudsynt.

Det skal sikrast tilgang til strandsone/sjø og naturlandskap frå bustadområda.

### Arealstrategiar for næring

Eksisterande verksemder skal ha nok areal til vidare utvikling.

Næringsareala skal plasserast slik at dei ivaretak omsynet til nærliggande bustadområde, naturområde eller liknande.

I sentrumsområda skal det vera mogeleg å kombinera næring og bustad.

Handlesenter skal vera knytt til kollektivknutepunkt.

Det skal leggast tilrette for areal til større næringspark.

Vidareføring av næringsareala i kommunedelplan Leirvåg-Fonnes-Kaland-Litlås

### Arealstrategiar for fritidsbustader

Det vert opna for ei avgrensa fortetting i nokre regulerte hytteområde.

Det vert opna for avgrensa spreidd utbygging av fritidsbustader.

### Arealstrategiar for strandsona

Øyer og holmar som ikkje er busett skal vernast mot inngrep.

Heilskapleg og samanhengande kystlandskap skal som hovudregel ikkje opnast for utbygging

Det skal vera ålmenn tilgang til natur og kulturlandskapet langs med stranda.

Resultat frå kartlegging av funksjonell strandsone skal leggast til grunn for arealbruk og byggjegrense mot sjø.

Det skal settast av areal til naust og båthamner der tilhøva tillet det.



### Barn og unge sine oppvekstvilkår

I arealvurderingane er det så langt som mogeleg teke omsyn til barn og unge sine interesser. Som noko av grunnlaget for vurderingane har ein nytt barnetråkkprosjektet sine data. Prosess for barnetråkk blei gjennomført for skulane i samband med utarbeidninga av plan for fysisk aktivitet ,idrett og friluftsliv (vedteken 6/3-2013)

## Vurdering av private innspe

Samstundes som kommuneplanen sin samfunnssdel vart utarbeidd vart det opna for å komme med innspel til arealdelen.

Det kom inn over hundre innspel til planarbeidet, som omhandla mange ulike arealføremål.

Alle private og andre innspel er sett i system og vurdert kvar for seg. Det er ikkje utført siling av innspela, slik at alle innspel har fått eiga handsaming. Mellom anna vart alle innspel lagt inn i eit kartlag på [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no) slik att alle kunne gå inn å sjå kvar innspele var lokalisert og kva arealbruksending som var føreslege. Dette kartlaget vert og nytt aaktivt som grunnlagskart i arbeidet med det nye arealplankartet.

## Konsekvensutgreiing

Om konsekvensutgreiing:

All ny arealbruk skal etter reglane i Plan og Bygningslova konsekvensutgreiast. Slik utgreiing (KU) analyse har ein her valt å utføre for alle innspel. Gjennom bruk av mal for KU og enkel risikoanalyse fekk ein ei god dekning over heile kommunen.

Samstundes var alle innspel og eventuelt endra arealbruk handsama på likt vis over alt.

Gjennomføring og metode :

Alle innspel fekk sin unike ID. På den måten vart det knytt eigne KU-dokument til kvart innspel. I desse dokumenta vert alle endringar av arealbruken vurdert i høve til ulike fagområde og omsyn. Alle desse KU-dokumenta er samla i eit vedlegg til planen.

Oversikt - ny arealbruk som er lagt inn i arealplanen etter KU:

Det er ikkje utarbeidd detaljert oversikt over dette, men det er gjort ein gjennomgang av innspelskartet der innspela som har gjeve utslag på arealbruken har endra status og farge.

Her utsnitt frå [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no) og kartlaget AustrheimKplanGIS under kartemne Planar:





## AUSTRHEIM KOMMUNE PLANSKILDRING KOMMUNEPLAN 2016 -2027

Risiko og sårbarheitsanalyse (Viser til eigen revisjon av og vedlagt kommuneROS)

### Samfunnstryggleik

Kartlegging av risiko og sårbarheit er eit verkemiddel for å redusere omfang og skadar av uønskte hendingar som uhell, ulykker, driftsstans og katastrofar. Utgangspunktet for kommunale risiko- og sårbaranalysar ligg i LOV-2010-06-25-45 Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (Sivilbeskyttelsesloven) . Dette bygger vidare på krava i Stortingsmelding nr 24 (1992-93) "Den framtidige sivile beredskap" og Stortingsmelding nr 48 (1993-94) "Langtidsplan for den sivile beredskap 1995-98". Det heiter her m.a. at: "En reduksjon av samfunnets sårbarheit er et sentralt virkemiddel for beredskapsapparatet i arbeidet med å gjøre samfunnet meir robust, så som å redusere omfang og skadar av uønskte hendingar, både i krig og fred." Etter initiativ frå fylkesmannen blei det i 2006 utarbeida ei risiko- og sårbaranalyse for Austrheim kommune. I 2009 blei ROS-analysane frå 2006 revidert. I mai 2013 vedtok Kommunestyret å revidere ROS-analysen i samanheng med rullering av kommuneplanen.

Det er først og fremst lagt vekt på risiko og sårbarheit i fredstid.

### Kva er «Risiko- og sårbarhetsanalyse», ROS-analyse

Med risiko- og sårbaranalyse forstår ein ei kartlegging av kva hendingar det er aktuelt å førebyggja eller planlegge mot, og ei kopling av sårbarheit mot risiko. Målet med dette arbeidet er å gje grunnlag for betre beredskaps- og kriseplanlegging. Ei slik analyse skal kartlegge uønskte hendingar som inneber fare for menneske, miljø, materielle verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Her er alltid liv og helse viktigast. Risiko vert rekna som funksjon av sannsyn og konsekvens. Nasjonalt risikobilete prøver å fange opp både dei fysiske konsekvensane av ei uynskt hending som ein kan observere, og dei sosiale og psykologiske effektane som kan bli så sterke at dei verkar destabilisante på samfunnet. 22. Juli 2011 viste oss at ei hending kan ha svært store fysiske og psykiske effektar («fear factor»), og både delar bør vere med i analysar av samfunnstryggleik. Folk skal både vere sikre og kjenne seg sikre

Riskostyring er heile prosessen med å definere kva område og uynskte hendingar ein skal gjere risikoanalysar av, gjennomføre risikoanalysane, evaluere risikoresultata (om risikonivået er forsvarleg eller ikkje) og setje i verk eventuelle risikoreduserande tiltak.

### Hendingar

Klimaendringar og naturulukker

Skred, ras, flaum og stormflo

Austrheim kommune er ein kommune der risikoene for naturhendingar i denne kategorien ikkje er særleg stor.

Svikt i kritisk infrastruktur

Svikt i straumforsyning

Svikt i vassforsyning

Svikt i avlaupssystem

Svikt i IKT-tjenester

Svikt i transportsektoren

Svikt i transportsektoren, vegar

Svikt i transportsektoren, jernbane

Svikt i transportsektoren, luftfart

Svikt i transportsektoren, sjøfart

Dyresjukdomar & landbruk, Fisksjukdomar & fiskeoppdrett

Epidemiar og helseberedskap

Storulukker og masseskadar

Brann i bygning med mange menneske

Akutt ureining

Atomulykker og radioaktiv stråling



Risiko- og sårbaranalyse  
For  
Austrheim kommune

## Akseptkriteria og definisjonar

I samband med gjennomføring av analysearbeidet må det leggast til grunn ein eintydig definisjon og forståing av akseptkriteria som skal leggast til grunn for arbeidet og forståinga av sluttkonklusjonane. Disse kriteria må definerast på førehand og det må være semje om dei. Akseptkriteria som er nytt til disse analysane er sist fastsett av Kommunestyret i sak KS-059/13 datert 22.05.2013. For noen av akseptkriteria er det nytt allmenn aksepterte kriteria. Dette gjelder gradering av sannsyn, konsekvensgradering i samband med driftsmessige problem og miljøskadar. Vidare er også risiko graderingane i tråd med alminneleg nytt inndeling.

## Risikovurdering av mogleg ny arealbruk

I kommuneplanarbeidet har ein utført enkel ROS i samband med konsekvensutgreiing av alle forslag til ny arealbruk. På den måten har det framkome eit omfattande grunnlag for vurdering av arealbruken i heile kommunen. Alle KU/ROS dokumenta er lagt ved i eiga dokumentsamling.

KU – AREALINNSPEL/TILTAK NR: 1					
Lokalisering:	Lauvøyna	Gnr/Bnr:	160/4	Areal:	147 Da
Noverande arealføremål:	Fritidsbygg/Hytteområde				
Forslag nytt arealføremål:	Fortetting av Fritidsbygg/Hytteområde				
Områdeskildring:	<p><i>Det finnast ein bebyggelsesplan (PlanID 1995001) for dette området. Det er vurdering av byggegrense mot sjø og utviding/fortetting av planen som er tema. Arealbruken er føreslege å vera den same som i dag.</i></p>				
Kartutsnitt:					
Tema:	Verti:	Påverknad:	Konsekvens:	Tal +/-	Merknad:
Landskap	Høg	Middels	Middels	0	Område er allereie delvis nytt til fritidsbustad føremål. Ei avgrensa vidare utbygging vil kunne finne stad mellom veg og byggegrense mot sjø. Det må settast krav om plassering av nye bygg i detaljregulering.
Friluftsliv	Middels	Liten	Liten	1	Området er avgrensa av bratt terregn mot sjø, og hovudvegen til øyane. Frå landsida er ikkje dette området særleg attraktivt for friluftsliv. Men det må takast omsyn til maritimt friluftsliv. Difor byggegrense mot sjø.
Natur mangfold	Middels	Middels	Middels	0	I artsdatabanken er registrert to raudlista arter i nærliken av Lauvøy, Sanglerke og Oter.
Landbruk	Liten	Liten	Liten	1	Området er definert som open fastmark i AR5. Området er ikkje tresatt og er grunnlendt. Lite eigna for landbruk/beiteområde.
Helse	Liten	Liten	Liten	0	Liten innverknad for folkehelsa.
Kulturmiljø og kulturmiljø	Liten	Liten	Liten	1	Det er ikkje registrerte kulturmiljø i området.
Risiko og sårbarhet		Middels	Middels	-1	Fleire bygg og menneske gjev større offentleg ansvar for beredskap i



## AUSTRHEIM KOMMUNE PLANSKILDRING KOMMUNEPLAN 2016 -2027


### Planomtale

I denne kommuneplanrevisjonen er det tatt inn to relativt nye kommunedelplaner. Interkommunal plan for Fensfjorden (PlanID 2011004) og kommunedelplan Leirvåg, Litlås, Kaland og Fonnes (PlanID 2008003) er begge nå inkludert i ny arealplan. Det blei vedteke i planprogrammet at begge desse planane skulle behaldast mest mogeleg slik dei er. Med dette som bakgrunn er det ikke gjort særleg store endringar i desse områda av kommunen. For heile kommunen er det arealstrategiane frå den nye samfunnssdelen som har vore styrande. Hovudsatsingsområda i samfunnssdelen er infrastruktur, tettstadutvikling og næringsutvikling.  
Her kan ein kort nemne fokus på utviklingsareal til kommunesenter og lokalsenter, mål om gjennomgående gang og sykkelveg frå Lindås grense til Radøy grense, vurdering av areal LNF spreidd eksistrande, bandlegge areal til framtidig hovudveg og sjønære areal med byggegrense mot sjø.

#### Område for bygg og anlegg, plan- og bygningslova § 11-7, pkt 1


##### Bustadområde

Byggeområda i dette planframlegg er ikke særleg utvida. Områda i kommunedelplan Leirvåg, Litlås, Kaland og Fonnes er videreført og områdereguleringa av Nordre Fonnesvåg er gjennomført. Saman med andre gjeldande regulerte område er vurderinga at det er nok areal for utbygging. Det same gjeld for Mastrevik -Årås området, der det er store ledige ferdig regulerte område. (Ref PlanID 2007004, 2002002 og 2008002). Samstundes med ubrukt regulert byggeareal er det sett av fleire område for spreidd utbygging. Desse områda er etablert i område der det eksisterer bygnad og der det er noko konsentrert bygnad med nærliek til offentleg infrastruktur.



#### Område for fritidshus

Det er ikke lagt inn særleg nye område for fritidsbustader i dette planframlegget. Det er lagt inn areal for vidare utviding av reguleringsplan for camping på Rebnor (ref PlanID 2004002), samt tilknyting til sjø. Viser og til vidareføring av reguleringsplanane på Lauvøyna, Rongeværet og Bergsvik (ref PlanID, 1995001 m.fl, 1986002 og 2006003)



#### Sentrumsføremål og offentleg og privat tenesteyting

Kommunesentrum er for ein stor del ferdig regulert. Planframlegget vidarefører reguleringsplanane i sentrum og overlet den vidare arealbruken til den planlagte områdereguleringa for kommunesentrum og eventuelle planendringar. Det er lagt til litt nytt offentleg areal på sørsida av hovudvegen i kommunesentrum, samt noko areal til utviding av idrettsparken.

I lokalsenteret på Fonnes vert komunedelplanen og reguleringsplanar vidareførte. Det er og sett av noko offentleg areal til utvidingar omkring skule/barnehage på Kaland. Det er også verd å merke seg at vedteken områdeplan i Nordre Fonnesvåg også gjer det mogeleg med nye tenester der.

#### Råstoffutvinning / jorddeponi

Overskotsmassar frå utbyggingsområde skal i hovudsak nyttast på staden. Nye område som skal regulerast må ha med utgreiing om korleis massar skal handterast og det skal planleggast slik at det vert minst mogeleg transport ut av områda. Om det likevel er behov for plassering av massar er det sett av nokre område i nærleiken av Mongstad. Og då særleg i nærleiken av dei avsette næringsområda der. (ref N 40,41 og 42) Det er fire eksisterande deponi (Litlås- v/Leirvågvegen - Dyrneskryset) og tre framtidige (Mongstad og Fonnes). Dei framtidige områda krev reguleringsplan før dei kan takast i bruk.



## AUSTRHEIM KOMMUNE PLANSKILDRING KOMMUNEPLAN 2016 -2027


### Næringsverksemد

I samsvar med samfunnsdelen er arealbruken for næring konsentrert omkring næringsutviklinga på Mongstad og målet om at Austrheim skal verte ein nasjonalt kjent og attraktiv turistdestinasjon. På bakgrunn av dette har næringsareala N40-42 blitt med inn i ny plan. Vidare skal reguleringsplan for Leirvågskrysset (planID 2005006) fortsatt gjelde. Med bakgrunn i KU arbeidet og verdien av ope kystlandskap i eit reiselivsperpektiv er Øksnesmarka ikkje lenger anbefalt nytta til næring. I planframlegget er dette området no disponert til LNF og nordre del er spesielt merka med omsyn til bevaring av naturmiljø.



### Idrettsanlegg

Dei siste åra er det utbygd idrettspark i nærleiken av Årås skule. Området framstår som ein viktig akse i kommunesentrum. Det er sett av eit område OF2 til framtidig utviding av parken eller mogeleg utvikling av nye skulebygg i området. Tilsvarande er det sett av eit offentleg område omkring Kaland skule til framtidig utvikling. Dette kan til dømes vera kombinasjon av anlegg og bygg. I plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv sitt handlingsprogram er det lista opp plan for anlegg. Det meste er knytt til dei ovanfor nemnde område, men i arealplanen er det også teke omsyn til områda som er planlagt til turvegar og friluftsaktivitet. Turstiar og friområde er innteikna i plankartet.



## Naustområde

Det er sett av nokre naustområde i planen. I Leirvågen der det er pågående detaljplanarbeid, i Søre Fonnesvåg som tilknyting til bustadområde der, ved nytt bustadområde Vardetangen, nedanfor Torvhaugane byggefelt i Gassevågen, i Øksneset, noko på Langøyna og nokre areal i Dyrneset. Det ligg og inne noko areal i LNF spreidd område der byggjegrensa er justert ned mot sjø, i dei områda skal det vera rom for fortetting av bygnad.

## Grav- og urnelundar

Areala nær Austrheim kyrkje og Leirvåg bedehus ligg inne i planen.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, plan- og bygningslova § 11-7, pkt 2

## Vegsamband

Eksisterande hovudvegar er markerte i kartet. Det er sett av ,bandlagt, areal til mogeleg framtidig trase for hovudvegar. Bandlegging er gjort med omsynsone som gjev restriksjonar i høve til andre tiltak enn veg. På denne måten helt ein av korridorar for nye vegtrasear.

## Kommunale og private kaiar

Kommunale kaiar skal vera offentleg tilgjengelege. I planen er desse i mange tilfelle plassert i LNF føremål, men for til dømes Ervikane, Hoplandsjøen og Lerøy er områda avsett med eige arealføremål. Nokre av kaiane vil og vera innanfor eksisterande reguleringsplan. Ved privat regulering av kaiområde skal det og sikrast tilgang for ålmenta.

Her ei liste over viktige kommunale og nokre private kaiar:

1. Rongevær kai
2. Sauøy
3. Krossøy
4. Rongevær Kurs og fritidssenter
5. Baløy
6. Langøy
7. Sævrøy vest
8. Sævrøy aust
9. Børilden
10. Sævrøy ferjekai
11. Øksnes gml kai
12. Øksnes tidl rutekai
13. Rebnor
14. Lerøy
15. Hoplandsjøen
16. Hopland molokai
17. Austrheim kai
18. Littlelindås
19. Solesjøen
20. Njøten
21. Njøten Aust
22. Mastrevik
23. Toftegård holmen
24. Ulvøy
25. Kilstraumen
26. Utkilen
27. Synnevågen
28. Bakka- vaulen
29. Ervikane
30. Fonnes vest
31. Fonnes aust
32. Kalandsjøen
33. Leirvågen
34. Leirvåg fergekai





## AUSTRHEIM KOMMUNE PLANSKILDNING KOMMUNEPLAN 2016 -2027

### Gang og sykkelvegar

Intensjon om gang og sykkelveg gjennom kommunen er framleis inne i planen. Det er lagt inn linje for gang og sykkelvegtrase frå Lindås grense til Radøy grense langs med fylkesvegen. Gang og sykkelvegnett skal vurderast i samband med all utbygging.

### Kollektivtrafikknutepunkt

Det er naturleg at kollektivtrafikknutepunktet vert i kommunesentrum. Det er detaljregulering av kommunesentrum som vil vera gjeldande der. Det er ikkje lagt inn nye areal i plankartet i høve til dette.


### Vassforsyning og avlauup

Ein hovudplan for vass og avlauup er under arbeid. Det er ikkje lagt inn nye bustadområde som endrar grunnlaget til den planen. Denne infrastrukturen er viktig i høve til vidare utbygging, og all utbygging skal vurderast i høve til i kva grad det finnast tilstrekkeleg løysing for vassforsyning og avlauup.

### Grønstruktur, plan- og bygningslova § 11-7, pkt 3

#### Naturområde og friområde

Viktige grøntstrukturar er i denne planen sikra gjennom bruk av arealføremålet friområde (FR) Dei viktigaste områda er Vardetangen FR1, Ulvøy FR2, Øksneset FR5, Sauøy FR6, Ekornsåta FR 4, Hegrevikane FR 3 og ved Dyrneset FR7. Det er også nokre mindre areal. Ellers er det vurdert at føremålet LNF gjev eit godt nok vern av annan grøntstruktur. I nokre LNF område er det lagt over eigen omsynsone som seier noko om kva som særskilt skal takast omsyn til. Eksempelvis er nordre del av Øksnesmarka merka med omsynsone 560 for bevaring av naturmiljø.



Turtrasear er lagt inn med linjesymbol i kartet. Dei er koda som turveg eller turdrag. Det er ikkje meiningsa at alle desse skal vera universelt utforma. Det er konkrete prosjekt for universelt utbygde turvegar på Vardetangen, ved Årvikane og strandpromenade i kommunesentrum. Fleire prosjekt kan settast igang langs turdrag.

## Landbruks-, natur- og friluftsområde, plan- og bygningslova § 11-7, pkt 5

LNF føremålet er det som dominerer plankartet. Det vil framleis vera mogeleg med stadbunden næring i desse områda, også i strandsona. Her er føresegner til kommuneplankartet og landbrukslovjervinga viktig.

I LNF områda gjeld det generelle byggje og deleforbodet Pbl § 1.8 i 100m beltet langs sjø og vatn.

I nokre få tilfelle er det lagt inn byggjegrense som ei skjerping av dette.

LNF områda kan vera merka med omsynsone. Dette kan vera i område der til dømes skal leggast vekt på bevaring av naturmiljø som nemnt i førre avsnitt.

### Landbruk og næring, LNF - spreidd (SBN)

I nokre framtidige og eksisterande område er det brukt arealføremål for spreidd bustad , fritids eller næringsbygnad. (SOSI 5200)

Døme på slike er SBN 1 Ulvøy , SBN 2 Njøta , SBN 3 Rebnor , SBN4 Vikane SBN 5-8 Austrheim. I desse områda kan det byggjast bustader , men og fritidsbustader og næringsbygg knytt til landbruket. Dette gjeld til dømes verksemder knytt til lokal gardsturisme, lokal gardsbutikk, fiskeri knytt til landbruket med fleire. Arealbruken er avgrensa med byggjegrense mot sjø.

### Areal for spreidd bustad-(SB)

Det er sett av fleire område for spreidd bustadbygging (SB) . Områda er stort sett liknande som i kommuneplanen frå 2006. Difor er det heller ikke lagt ut nye framtidige område. Det er ein føresetnad eksisterande spreidd bygnad på frådelte eigedomar skal ha rett til å kunne utføre ikkje søknadspliktige tiltak. (Føresegner)

## Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, plan- og bygningslova § 11-7, pkt 6

### Ferdsle og friluftsliv

Det er utført ei eiga analyse av funksjonell strandsone som ligg ved planen. Analysen er utført for dei områda der det er mest press på strandsoneareala. Ei kartlegging av funksjonell strandsone byr på utfordringar, då ulike kriteria kan sjåast på fleire vis. I vår analyse er det lagt vekt på i kva grad ulike tiltak okkuperer i høve til ålmen tilgang til strandsona. Til dømes vert ikkje naust og sjøbuer rekna som okkuperande. Bustader , fritidsbustader og næringsverksemder vert derimot rekna med. Som ei visuell hjelpe til dette vart det brukt SSB si analyse av tilgjengeleg strandsone. I tillegg til dette vart det nytta GIS-system til å samanfatte 100m beltet med andre viktige temadata. Resultat kan ein sjå i eigen analyse rapport.





## AUSTRHEIM KOMMUNE PLANSKILDRING KOMMUNEPLAN 2016 -2027

### Småbåthamner

I kommuneplan 2006-17 vart det teke ut mange område for småbåthamner når planen vart vedteke. Ein del av desse områda er no opna att. Dette gjeld eit par område i Langøyna, Øksnesvågen, Dyrneset, Lerøyna, Gassevågen, Åråsvågen, Toftegård, Ervikane og Søre Fonnesvåg. I tillegg til dette er det lagt byggjegrense heilt ner til sjø i somme område i LNF spreidd område. Samla sett er vurderinga at dette gjev bra tilgang til sjø. Det må og reknast med at det er tilgang til sjø i nokre av dei regulerte områda. (Reguleringsplanar som framleis skal gjelde er innteikna i plankart med skravur og kvit bakgrunn)

### Fiske og akvakultur

Arealbruken frå interkommunal plan for Fensfjorden er implementert i denne plan utan endringar (PlanID 2011004).

Det same gjeld kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland, Fonnes (PlanID 2008003).

Det er gjor innskrenking av areal for akvakultur. Det er no kun eksisterande område i Børildosen/Åråsvågen som ligg inne.

### Omsynsone, jf plan- og bygningslova § 11-8, pkt a-f

I kommuneplanen sin arealdel skal det visast særlege omsyn og restriksjonar som har innverknad på arealbruken.

Desse er vist som omsynsone og har ofte tilhøyrande føresegner.

#### Sikringssone (pkt a)

Det er avsett sikringssone for nedslagsfelt drikkevatn.

#### Støysone (pkt a)

Det er lagt inn støysoner utarbeidd av Statens vegvesen. Omsynsone er vist for raud og gul støysone.

#### Faresone (pkt a)

Det er ikkje lagt inn eigne sonar for ras og skred. Det kan likevel vera naudsynt med nærmere vurderingar på detaljnivå.

Høgspentliner er ikkje lagt inn som omsynsone/fareområde då dette berre gjeld hovudoverføringslinjer. Linene er i kommuneplan-kartet lagt inn som infrastrukturline type kraftleidning (sosi 1167).

#### Friluftsliv (pkt c)

Det er lagt inn nokre turvegdrag som line i kartet.

#### Naturmiljø (pkt c)


Det er lagt inn omsynsone i til dømes Leirvågsanden, Fonnesvassdraget, Børilden og nordre del av Øksnesmarka.

#### Kulturmiljø (pkt c)

Kulturminne og kulturmiljø er teke omsyn til i alle vurderingar i KU. Nokre område har fått omsynsone. Til dømes er det eit område ved Fonnesstraumen og eit ved Fosnstraumen som er merka med omsynsone for vern.

#### Sone for vidareføring av reguleringsplan (pkt f)

Reguleringsplanar som skal gjelde føre kommuneplanen er merka i kartet som detaljeringssone (sosi 910) og påskrive planid. Planid er korta ner til utan kommunenummer for å passa betre på kartet. Det skal soleis stå 1264 framom alle identar for å få full arealplanid. Planar som går ut er nemnd i føresegnerne.




### Vedlegg/Underlag til arealplanen

#### Funksjonell strandsone analyse

#### Kommune ROS

#### Samling av KU-arealinnspele



Versjon: Planframlegg 16.03.2016  
Produsert av: Austrheim kommune / RR



**Austrheim**  
- opne landskap, ope sinn